

## Kjære medlem i Vågsøy Røde Kors.

Endå eit år er tilbakelagt, snøen har lagt seg og julematen er erstatta med nyttårsforsett.

Vi i Vågsøy Røde Kors har hatt eit aktivt år. Etter alle restriksjonar var det særst godt å treffast att. Besøkstenesta kom i gang på Kulatoppen og Skaretun, til stor glede for alle saman. Stemmebanda vart reinska og det vart allsong til kjære og kjente songar. Litt dans og gode historier vart det òg. Det varmar å sjå kor godt desse stundene gjer for alle - både dei som får besøk og for oss som besøker. Det er ikkje godt å seie kven som gleder seg mest.

## Det skal så lite til å spreie glede.



I hjelpekorpsset har vi hatt kurs i “kvalifisert førstehjelp” og “kvalifisert søk og redning”. Dette har ført til at vi har fått fem nye, godkjente hjelpekorpsere på kort tid. Dette er heilt fantastisk, men vi har et mål om å bli endå fleire.

Det jobbast og det planleggast for fleire aktivitetar. Vi er en samansveiste gjeng som har en felles interesse:

**Vi bryr oss.**

I 2021, som året før, spreidde vi «Juleglede» til barn i området til Vågsøy Røde Kors. Vi handlar og handplukkar gåver til barn i alle aldrar, pakkar dei inn med kjærleik, og leverer vidare. Alle barn fortener gleda og spenninga med ein pakke under juletreet, uavhengig av økonomien i familien. Vi ordna ca. 115 pakkar i fjor, alt nøyte overvakte av hjelparen til nissen, Torill.

Planen for 2022 er å vere endå meir aktiv og synleg i lokalmiljøet, få endå fleire medlemmer og frivillige og bli endå betre på det vi kan.



Tusen takk for all god støtte! Det å få hjelp av nettopp deg betyr at vi kan hjelpe fleire. Vi håper du blir med oss vidare på reisa også i 2022.

Vi ønsker deg et godt år.  
Hilsen Vågsøy Røde Kors.